Mitt ferietips landet rundt

Opplev Gudbrandsdalen

Kjører du nordover fra Lillehammer vil dalenes dal åpenbare seg langs Gudbrandsdalsvegen, som strekker seg fra Fåvang i sør, gjennom tettstedene Ringebu, Hundorp, Harpefoss, og Vinstra, til Kvam i Nord. Gudbrandsdalsvegen er tidligere E6, som i dag er gjort om til en «langsom» veg, for de gode opplevelsene.

I Gudbrandsdalen vil du få ekte håndverksmat fra produsenter som driver dyrevennlig og bærekraftig. Vil du overnatte langs Gudbrandsdalsvegen, kan du velge mellom flere historiske slektshotell. Langs vegen finner du gardsutsalg med håndverksmat, salgsutstillinger av kunst og smijernsprodukter. Naturopplevelsene er fantastiske, med kort veg til Rondane og Jorunheimen – høye fjell med den utsikten vi finner roen i. Legger du inn en stopp eller tre, er det mange turer, opplevelser og arrangementer å få med seg. Legg inn flere stopp og opplev mer!

Gudbrandsdalsvegen, vegen til de gode opplevelsene.

Fisking i Sjoa. Foto: Arve Danielsen

Ottadalen – utgangspunktet for gode ferieminne

Kva skal ein skrive om Ottadalen utan å bruke alle klisjear og flosklar einkvar vil ty til for å marknadsføre området sitt? Svaret er enkelt – det går ikkje an. Det einaste vi kanskje manglar er ein fjord med saltvatn. Men, vegen til fjordane er ikkje lang, vi seier vi har det òg.

Ottadalen kling kanskje heller ukjent som geografisk område eller eit reisemål. Men kva om vi seier Vågå, Lom og Skjåk? Eller Besseggen, Bakeriet og Breheimen? Eller Arne Brimi? Kva med Galdhøpiggen og Glittertind? Jotunheimen? Breheimen? Reinheimen? Det er her, med utgangspunkt i Ottadalen du finn det! Vågå, Lom og Skjåk har faktisk alt du ser etter om du er interessert i natur- og matopplevingar. For ikkje å snakke om kultur. Nå er det ikkje slik at du blir møtt av ein folkemusikar og eit gourmetmåltid når du går til topps på Galdhøpiggen, men det er neimen ikkje langt unna. Du treng iallfall ikkje langt etter det. Ottadalen, om lag 13 mil lang, kan vera utgangspunktet for dei beste ferieminna du nokon gong vil få.

Galdhøpiggen. Foto: Arve Danielsen

Gloppen – ein rikare kvardag midt i verda

Holvikejekta er den einaste i sitt slag i landet.

Gloppen i Nordfjord, i hjartet av fjord-Noreg, har mykje å by på. Blenkjande fjordar og vatn, omkransa av grøderike bygder og høge fjell i eit landskap som kan ta pusten frå dei fleste.

Gloppen ligg midt i matfatet. Produksjonen av mat og drikke er stor, frå dei mange små lokalmatbedriftene til Tine sitt meierianlegg på Byrkjelo, som produserer halvparten av all Norvegia-osten i landet.

Er du glad i å fiske, er det nesten tallause vatn med smellfeit aure å velje mellom, eller kanskje freistar det meir med ein tur i ei av dei mange lakseelvane i kommunen? Nordfjord Folkemuseum med den unike Holvikejekta finn du i kommunesenteret Sandane, og Nordfjord Stisenter er plassen å vere om du likar utfordringar på sykkelsetet. Turmoglegheitene står i kø, frå vandring på Jostedalsbreen til den fantastiske, sentrumsnære Trivselsskogen med eige fosseteater.

Når auga treng kvile, er det gode senger på det historiske, prisløna Gloppen Hotell, eller kanskje freistar det å prøve Engeset Trehytter, med spektakulær utsikt over den vakre bygda – midt i verda.

Trivselsskogen ved Sandane sentrum er blitt ein attraksjon.